



Sjette klasse - no som bakarar!

Politikk-student Karoline Neset (22) hevda seg med bravur i kakekrigen på TV. Uskedalingane var med rette stolte av henne. I dag har ho vore i ei litt anna rolle - ho har vore pedagog på heimebane!

Ei kjekk oppgåve, tykkjer Karoline som roser elevane i sjetteklassen som flinke og lydhøre. Ho skulka ikkje studiane - dei var unnagjort med eksamen og det heile i førre veka.



Andrea og Camilla saman med læraren

Det var mor Åse som hadde den gode ideen om at klassen burde få ein kakedag med Karoline før jul. Og ingenting var då naturlegare enn å satsa på spesialiteten hennar, som utan tvil er cupcake. I løpet av denne dagen har klassen laga slik kake både med bringebær, blåbær og sjokolade og i tillegg kjem brownies som Karoline også har som ein av favorittane sine.

Resultatet er imponerende, det er denne dagen laga rundt rekna 80 kaker og elevane var tydeleg fornøgde med resultat. Dei tek med heim dei kakene som dei ikkje har ete opp!

Karoline hadde ikkje problem med disiplinen.
- Bruk ikkje så mykje sjokolade, var den siste klåre beskjeden vi fanga opp på skulekjøkenet.

Tekst: Ola Matti Mathisen



Kjekk jobb, tykkjer Karoline